

## Klaus Vatne har tonesett og framfører «Songar» av Jon Fosse

Vedlegg til søknad om turnestøtte til konsertserie – turne folkebiblioteka i Hordaland hausten 2016

Ein vil her kort trekke fram nokre sentrale moment og føremål ( i ordninga kunstprosjekt og kulturtilskot – profesjonell ) som ein meiner særskild vert aktualisert gjennom prosjektet i denne søknaden.

### Det heiter som mål for ordninga at ho skal

- «Stimulere prosjekt/tiltak som er i samsvar med vedteken visjon for kulturutviklinga i Hordaland og som har tydeleg regional kulturverdi.»

**Kommentar:** når ein tek utgangspunkt i å fremme tekstane til ein av dei viktigaste nolevande forfattarar frå Vestlandet og Hordaland ( Kvam ), for gjennom musikk å løfte desse tekstane, meiner eg dette kan ha ei tydeleg regional kulturverdi. I tillegg er det tolka musikalsk av ein vestlandskunstnar, noko som er med på å fremme prosjektet som noko særskild vestlandsk og «hordalandsk». I tillegg vil prosjektet kunne skape interesse hos unge, og kanskje også femne ei vidare interesse hos nokon, fordi det har fått musikalske føter å gå på. Musikken er eit sterk verkemiddel og kan nå «nye» lyttarar. Eg meiner dette kan vere med på å skape ein regional identitet som er positiv.

- «Stimulere til kontakt, samhandling og nettverk på tvers av sjangrar og kommunegrensar for profesjonelle kulturaktørar i fylket.»

**Kommentar:** Prosjektet tek sikte på å vitje mange bibliotek i fleire kommunar, så mange som mogleg. Prosjektet vil også mest sannsynleg medføre samarbeid mellom folkebiblioteka i nokre døme.

- «Stimulere til å skape og formidle kunst og kultur for barn og unge. Spesielt blir det oppfordra til å jobbe for ei større ungdomsdeltaking i det profesjonelle kunst- og kulturtilbodet.»

**Kommentar:** ein tenkjer at konseptet vil kunne gje meining for born og unge frå ca 12 år og oppover. Vatne tilpassar gjerne til mål- og aldersgrupper på oppmoding. Det er litt opp til biblioteka å nytte seg av dette, eventuelt kan nokre skulebibliotek hive seg på. Ein kan til dømes ta tak i eit bestemt tema, eller del av pensum, eller arbeid med bestemte tekstar i forkant. Dette er tekstar og musikkjanger som absolutt kan treffe og fange unge si interesse. ( Prosjekt kan verte aktuelt for nokre skulebibliotek men vil i hovudsak gå ut mot folkebiblioteka og ikkje vere direkte knytt til skule, jamfør kriterier for kunst og kulturformidling i skulen )

Ein meiner vidare at dette prosjektet er i samsvar med visjon og målsettingar i Regional kulturplan 2015-2025.

Kort vil eg trekke fram nokre av måla her:

- «Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv»  
**Kommentar:** Prosjektet har med sær s røynde og kompetente musikarar frå Bergen, noko som sikrar god kvalitet og profesjonalitet. I tillegg skal ein også ta med den inspirasjonskjelda det kan vere for særskild unge å få besøk av flinke og kjente musikantar, at dette kan vere med på å inspirere vidare til eit rikt og kompetent musikkliv.
  
- «Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande»  
**Kommentar:** Vestlandslyrikk på nynorsk må absolutt kunne seiast å vere eit felt der Hordaland kan vere eller er, leiande. At det vert uttrykt musikalsk styrkar mangfaldet og tilfang av interesse. Med tanke på kor stort Fosse sitt namn er og den aktualitet han har i Norden som lyrikar, og at han i tillegg er «vår» diktar, er det rimeleg å meine at alle prosjekt som gir miljø i Hordaland moglegheit til å definere, tolke og uttrykke Fosse og vestlandslyrikk generelt, bør stimulerast og elskast fram.

#### Geografisk kriterium

- «Om den aktuelle verksemda eller tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune»  
**Kommentar:** Prosjektet inneberer i høgste grad involvering av fleire kommunar i fylket. Både gjennom at ein vitjar fleire stader men også at kommunane, ved biblioteka, sjølv må vere aktiv med omsyn til å arrangere, involvere og promotere i forhold til konsertane.

#### Funksjonskriterium

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.

**K:** dette er ikkje lett å måle men det er ganske sikkert at dette kan skape ein identifikasjon og auka interesse for det typisk vestlandske, for nynorsk lyrikk og noko positivt «hordalandsk». I tillegg er det noko universet med tekstane til Fosse, det skal ein heller ikkje gløyme. At musikken kjem inn som formidlar av lyrikk er ikkje nytt, men det er relativt originalt med tanke på Fosse. Også med tanke på at prosjektet har spelt inn to singlar og planlegg innspeling av fullt album, dette aukar omfang og tilgang til musikken vidare. Eit anna moment er at musikk lettar tilgangen til dikta for nokre. Tekstane er relativt tilgjengelige og har ei noko enkel språkdrakt: dette kan aktualisere prosjektet særskild for yngre og framandspråklege, noko som ha verdi for kulturliv i fylket. I tillegg er alt som kan bidra til at vegen til skjønnlitteratur vert kortare for ungdom, ein god ting; musikk er ofte ein slik katalysator.

- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.  
**K:** prosjektet er nyskapande i den forstand at det er ei ny tonesetting med nytt uttrykk til desse tekstane ( sjølv om dei er tonesett tidlegare ). Dette er dessutan dei einaste tekstane i Fosse si produksjon som er skrivne for tonesetting. Fosse i musikalsk drakt framført på mange av folkebiblioteka i Hordaland, må vel også kunne seiast å vere spesielt for dette

prosjektet.

- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.  
**K:** Det er svært sannsynlig at fleire av biblioteka vil samarbeide om dette prosjektet grunna praktiske, økonomiske og kunstnariske omsyn.
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.  
**K:** Prosjektet held eit høgt kunstnarisk nivå grunna særskilte kompetente musikantar. Ein tør påstå at Songane er godt gjennomarbeida i den forstand at dei kler og fremmer tekstane, har gode melodiar og eit variert sjangeruttrykk. Ein viser her til omtale frå andre kulturaktørar som har vore på konsert, mellom anna biblioteksjef i Vaksdal og skodespelar Helge Jordal ( sjå evt i PDF INFO til biblioteka vedlagt her i søknad ).
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.  
**K:** God realisme i prosjektet både økonomisk og med omsyn til musikantar, lydmann og aktørar knytta til prosjektet. Utan tilskot vil ein framleis kunne gå ut mot biblioteka og arrangere nokre konsertar, men då i mindre omfang grunna høgre kostnader for biblioteka.

Eg vil til sist takke Fylkeskommunen ved Fylkesbiblioteket. Dei har vidaresendt INFO PDF ( vedlagt i søknad ) om prosjektet til biblioteka i fylket, og ein vonar difor at ein kan få ein viss respons frå biblioteka.

Helsing Klaus Vatne, artist og musikal

Bergen, 31.03.2016